

# ÅRSMØTE 2017 HAFSLO IDRETTSLAG





## Innhald

<b>Saksliste .....</b>	<b>3</b>
<b>Årsmelding for styret i Hafslo IL 2017 .....</b>	<b>4</b>
<b>Årsmelding for Barneidrettsgruppa 2017.....</b>	<b>10</b>
<b>Årsmelding for Langrennsgruppa 2017 .....</b>	<b>11</b>
<b>Årsmelding for Alpingruppa 2017 .....</b>	<b>13</b>
<b>Årsmelding for Hoppgruppa 2017 .....</b>	<b>18</b>
<b>Årsmelding for Orienteringsgruppa 2017.....</b>	<b>22</b>
<b>Årsmelding for Fotballgruppa 2017 .....</b>	<b>24</b>
<b>Årsmelding for Foreldrelaget for aldersfastlagd fotball 2017 .....</b>	<b>39</b>
<b>Årsmelding for stadionstyret 2017 .....</b>	<b>40</b>
<b>Årsmelding for Trimgruppa 2017.....</b>	<b>41</b>



## Saksliste

1. **Opning**
2. **Godkjenning av innkalling**
3. **Godkjenning av sakliste**
4. **Val av møteleiar og skrivar**
5. **Val av to medlemmar til å skriva under møteboka**
6. **Årsmelding frå styret**
7. **Årsmelding frå gruppene**
8. **Rekneskap**
9. **Fastsetjing av medlemskontingent**
10. **Budsjett**
11. **Innkomne saker**
12. **Val**

**Vel møtt til årsmøte på Eikum Hotell, torsdag 8. februar kl.19.30.**



## Årsmelding frå styret i Hafslo IL 2017

### 1. Styret

Leiar	:	Ove Midtbø
Nestleiar	:	Sandhya Karlsen Holene
Sekretær	:	Kari Merete Henjum
Økonomikontakt:	:	Birthe Johanne Fredheim Finstad
Styremedlem	:	Erna Hamrum
Styremedlem	:	Nils Sverre Fardal
1.varamedlem:	:	Geir Arne Kvam
2.varamedlem:	:	Hanne Kvam

### 2. Gruppene

**Langrennsgruppa:**

*Kjersti Eikum Tang – leiar*  
Jorunn Hillestad Sekse, Ragnhild Borge Olsen,  
Kurt Norheim, Trond Sekse,

**Hoppgruppa:**

*Per Birger Lomheim – leiar*  
Jon Ove Lomheim, Ove Fredheim,  
Vegard Bondevik Lie, Christin Sønnesyn, John Inge  
Fredheim

**Alpingruppa:**

*Jørgen Ulrik Berg - leiar*  
Hans Olav Hellesøe, Elisabeth Sæthren  
Kjetil Aspelund

**Barneidrettsgruppa:**

*Laila Haugsvær – leiar*  
Monika Reime – nestleiar

**Trimgruppa:**

*Katrin Lægreid Nes – leiar*  
Adrienne Kvam, Audhild Moe, Line Hillestad Espeland,  
Ann Elisabeth Skjerven, Irene Flugheim

**Fotballgruppa:**

*Kai Inge Cirotzki – leiar*  
Anne Therese Moen, Mette Johannessen,  
Nils Einar Søhoel, Asbjørn Kjos

**Orienteringsgruppa:**

*Pål Iversen – leiar*  
Trond Sekse, Ove Oklevik, Kurt Lerum

**Stadionstyre:**

*Birger Moene - leiar*  
Jonny Moen, Knut Helge Røneid



<b>Økonominemnd:</b>	<i>Nils Sverre Fardal – leiar</i> Margrete Søhoel Røneid, Sigfrid Ahlin Søvde, Camilla Bremer
<b>Foreldrelaget:</b>	<i>Erna Hamrum – leiar</i> Karianne Sanden, Hanne Kvam, Jim Sletten
<b>Lerum-cup nemnd:</b>	<i>Geir Afdal – leiar</i> Erna Hamrum, Sverre Kjos-Wenjum, Jan Ølnes, Britt Brugrand, Ann Elisabeth Skjerven Kai Inge Cirotzki - fotballgruppa Jørgen Ulrik Berg – alpin
<b>Skøyteutval:</b>	Per Ivar Lomheim, Terje Kalhagen
<b>Frøidrettsutval:</b>	1 representant frå trimgruppa
<b>Hafslovatnet rundt nemnd:</b>	Langrennsgruppa. På årsmøtet 2016 vart det bestemt at styret og særgruppene skulle få på plass minst 6 personar.
<b>Idrettsråd:</b>	Per Birger Lomheim
<b>Revisorar:</b>	Gerd Westby Haugen, Herman Odd Stein
<b>Vararevisor:</b>	Jon Ove Lomheim
<b>Valnemnd:</b>	Styret og særgruppene har fungert som valnemnd i 2017.

### 3. Møte og tilstellingar

Det har vore halde 6 styremøte og 5 møte med gruppeleiarane i 2017.

Kai Inge Cirotzki, Mette Johannessen og Geir Arne Kvam representerte laget på kretstinget i fotballkretsen 25.-26 november.

Per Birger Lomheim, Erna Hamrum og Nils Sverre Fardal representerte laget på årsmøtet til Luster idrettsråd 27.april 2017.

Ove Midtbø, Per Birger Lomheim, Kjersti Eikum Tang, Jorunn Hillestad Sekse og Ove Oklevik representerte laget på generalforsamlinga til Sogn Skisenter 4.mai 2017.

14 personar deltok frå Hafslo IL på Idrettens møteplass i Sogndal 11.november 2017.

Sogn og Fjordane idrettskrets v/Ingrid Narum deltok på utvida styremøte med gruppeleiarane 23.oktober 2017.



## 4. Saker

Styret har handsama 81 bokførte saker. Dette utgjør i hovudsak vanlege styremøtesaker, og vi har ikkje hatt behov for ekstraordinære styremøte i år. Ein del e-post kommunikasjon mellom styremøta har det vore, og det har vore god kommunikasjon mellom hovudstyret og særgruppene gjennom året. Vårt inntrykk er at særgruppene arbeider godt og handterer innkomne saker på ein god måte.

## 5. Medlemstal

Medlemstalet har halde seg stabilt med 666 medlemmar i 2016 til 664 medlemmar pr. 31.12.17.

## 6. Utdanning

Det er ingen som har teke utdanning dette året. Leiar Ove Midtbø og styremedlem Erna Hamrum deltok på kurs i økonomi og administrasjon i regi av Sogn og Fjordane idrettskrins i Sogndal under «Idrettens møteplass» 11.november 2017.

Vi jobbar også med å få til eit aktivitetsleiarkurs i regi av idrettskrinsen på Hafslo i løpet av våren.

## 7. Særforbund

Laget har vore medlem i følgjande særforbund under Norges Idrettsforbund:

- Norges Skiforbund
- Norges Fotballforbund
- Norges Friidrettsforbund
- Norges Trimforbund
- Norges Skiskyttarforbund
- Norges Orienteringsforbund

## 8. Økonomisk resultat

Økonomien til Hafslo er god og stabil. Laget har årlege inntekter gjennom dugnad, tilskot og sponsorar. Drifta er økonomisk forsvarleg og nøktern med god kontroll gjennom rekneskapsrapportar. I 2017 har vi hatt avtale med Sogn Rekneskapskontor AS for føring av rekneskapskapen og ikkje hatt eigen kasserar i styret. Men vi har hatt ein økonomikontakt i styret, som saman med leiar har hatt dialog med rekneskapskontoret om føringar og utbetalingar. Dette har fungert godt i 2017, og ordninga vert fortløpande evaluert og vurdert ut i frå om vi skulle få på plass ein kasserar i styret.

Av inntektsgjevande arrangement kan nemnast Lerum Cup og Haustmarknaden som gir fine resultat og er viktige inntektskjelder for idrettslaget. Detaljar om rekneskapskapen finn ein i rekneskapsoversynet som vert lagt fram på årsmøtet.



## 9. Mottekne midlar

På økonomisida er det stabilt som tidlegare år. Rekneskapen for 2017 viser eit fint resultat for laget. Drifta er god, jf. rekneskap for 2017. Styret arbeidar kontinuerleg med laget sine sponsorar og støttespelarar. Luster Sparebank er laget sin hovudsponsor og gir oss eit framifrå godt grunnlag, både gjennom sponsoravtalen, men også ved einskildhøve og arrangement. Dei største økonomiske støttespelarane våre er:

Luster Sparebank	kr 122.000
Luster kommune	kr 138.017
Avery Dennison NTP	kr 20.000
Norsk Tipping(grasrotandel)	kr 50.999
Momsrefusjon	kr 88.475
Norges idrettsforbund	kr 122.929

I tillegg er det mange bedrifter i nærområdet som bidreg til mellom anna marknaden, skiltreklame i Moane, vedlikehald mm.

**Vi vil med dette rette ei stor takk til alle som er med og støttar opp om Hafslo Idrettslag.**

## 10. Anlegg

Hafslo IL har ein vedteken anleggsplan gjeldande for perioden 2015-2018. Den skal reviderast i løpet av 2018, og leggast fram for årsmøtet neste år.

Anlegga våre har generelt god kvalitet. Vedlikehaldet vert utført jamnleg av gruppene og stadionstyret. Stor aktivitet og belastning tilseier at vi fortløpande vurderer behovet for vedlikehald.

Vedlikehaldet i hoppbakkane krev mykje av Hoppgruppa. Det vert lagt ned stor innsats kvart år. Snart går leigeavtala med grunneigar i Kvamsbakkane ut, og det er no under planlegging to små bakkar ved anlegget på Sogn Skisenter. Vi håpar planane vert realiserte slik at vi framleis kan ha eit tilbod om hoppaktivitet på Hafslo i mange år framover.

Kunstgrasbana, 7-ar bana ved Hafslo barne- og ungdomsskule, er eit flott anlegg som er flittig i bruk. I løpet av 2017 har Fotballgruppa saman med støttespelarar fått på plass ei ballbod ved bana. Særskilt takk til dei som sponsa materialar og dei som bidrog med dugnad for oppføring av ballboda.

Det har også kome innspel om andre utbetringar ved kunstgrasbana, til dømes betre skilting om reglar for bruk utanom ordinære treningar og kampar, og bygging av tribuner rundt deler av bana. Dette vert teke stilling til i samband med klargjeringa av bana våren 2018. Det vil også vere behov for ein vårdugnad etter at snøen er forsvunne, for fjerning av steinar etter brøyting mm. Dette er noko vi reknar med stadionstyret/Fotballgruppa vurderer behovet for når bana vert klargjort til vårsesongen.





Anlegga i Moane treng stadig vedlikehald. 6.klasse ved Hafslo barne- og ungdomskule med elevar og foreldre utførte dugnad på løpebana rundt fotballbana og kaste- og lengdegropa 2.mai 2017, med slodding, ugrasplukking mm. Dette er noko som også bør gjerast i 2018, og så må vi fortløpande vurdere om det skal gjerast ein større innsats med fjerning av sand og påfylling av ny kring løpebana.

I tillegg må vi vurdere oppgradering av dusjane i garderobene i 2018. Det har også kome innspel om lysanlegg på grasbana, slik at ein kan strekke bruken utover hausten. Det er utfordrande å gjennomføre trening og kampar dei siste to månadane av haustsesongen på grunn av manglande lys, til tross for at vi har ei veldig god grasbane. Dette er noko som må vurderast opp mot andre framtidige investeringar, og blir ein naturleg del av prosessen kring revisjon av anleggsplanen i løpet av 2018.

Fleire legg ned ein god innsats for å halde anlegget i Moane i god stand. Ei særskild takk til stadionstyret, men også takk til alle andre som bidreg gjennom året.

Idrettslaget har eit godt samarbeid med Sogn Skisenter, Luster kommune og Hafslo barne- og ungdomsskule. Vi har gode treningsforhold i alpinbakken, i langrennsløypene og gode treningsforhold innandørs i gymsalen i Samfunnshuset.

Hafslo idrettslag vil takka alle som har bidrege til å fornye og vedlikehalde anlegga våre i 2017!

## 11. Avgidde tillitsvalde

Sogn og Fjordane fotballkrets-anleggskomiteen: Olav Kjos-Wenjum - medlem

Sogn og Fjordane Orienteringskrins – Ove Oklevik - styremedlem

Styret i Luster Idrettsråd: Per Birger Lomheim – styremedlem, Nils Sverre Fardal – varamedlem

Styret i Sogn Skisenter SA: Ove Oklevik – styremedlem, Jorunn Hillestad Sekse – styremedlem, Lars Olav Halleråker – varamedlem, Per Birger Lomheim – varamedlem, Svein Solheim - varamedlem

Norsk Skidommarlaug: Per Birger Lomheim – krins og forbundsdommar

Sogn og Fjordane Skikrins (hopp- og kombinertkomiteen): Jon Ove Lomheim

Satsingsstipend-tildelingsnemnd i Luster kommune: Svein Solheim og Olav Kjos-Wenjum - medlemmer

## 12. Aktivitet

Hafslo Idrettslag har stor og god aktivitet, både blant aktive, blant medlemmer i alle aldrar, mosjonistar, støtteapparat og administrasjon. I tillegg er ei rekke personar involvert i nemnder og grupper med ulike funksjonar.

Både treningar, konkurransar, renn, kampar, marknad, trim, utstyr, anlegg, planar, dokumentasjon og innsatsvilje skal gjerast på ein god måte for at laget skal drivast tenleg. Foreldreinvolvering er ein av dei viktigaste motivasjonsfaktorane for at dei unge skal trivast, ha utvikling og framgang. Dette er også avgjerande for at gruppene i laget skal kunna tilby og gjennomføra gode treningsøkter der dei kan ivareta både idrettsfaglege og sosiale behov.





Organiseringa av barneidretten sikrar at all idrettsopplæring for dei under 10 år er samordna mellom særgruppene og at den er i tråd med retningslinjene frå Norges Idrettsforbund. Alle aktive grupper er med og bidreg til rett og god teknikkopplæring i dei ulike idrettane. Barneidretten i laget er framleis blant dei beste med stor allsidigheit og gode opplegg. Gruppen har mange deltakarar gjennom heile året, og gjer ein flott innsats for rekrutteringa i idrettslaget.

Trimgruppa syter for at medlemene blir kjent i nærområdet i bygda heile året. Trimgruppa har fått sett opp fleire nye trimpostkassar i løpet av 2017, og vil også sette opp fleire i løpet av 2018. Trimaktiviteten er jamn gjennom heile året, og Trimgruppa gjer ein stor innsats for at alle i bygda som ønskjer kan delta i aktivitet gjennom året. Vi vil også rette ein særskilt takk til leiar av Trimgruppa, Katrin Lægreid Nes og dei andre ungdomane som bidreg, for initiativet til tilbodet «Idrett for alle» i 2017. Dette tilbodet gjer at også utøvarar med funksjonshemmingar i idrettslaget kan delta på regelmessig idrettsaktivitet gjennom året, og det er kjempeflott!

Orienteringsgruppa har ein jamn aktivitet for medlemmer i alle aldrar og samarbeider godt med naboklubbar.

Fotballgruppa er den største særgruppa i idrettslaget, og gir tilbod om aktivitet gjennom heile året. Det blir lagt ned ein stor innsats av mange for at spelarane har gode treningsforhold og får delta i seriespel og turneringar gjennom året. Særskilt takk til Kurt Heggstad og dei andre som tok initiativ til og stod bak dei populære laurdagstreningane for dei ivrigaste gutane og jentene frå 10 år og oppover i 2017. Fotballgruppa har over tid jobba godt med rekruttering av dommarar, og vi har etter kvart fått mange flinke dommarar i Hafslo IL som gjer ein solid innsats. Og det er kjekt at også fotballkretsen set pris på dette arbeidet.

Skigruppene gjer også ein stor innsats for å gje utøvarane eit best mogleg tilbod innan langrenn, alpint og hopp. Dette gjeld først og fremst i vintersesongen, men gruppene har også etablert eit populært tilbod om barmarkstreningar om hausten.

Hafslo IL har hatt med deltakarar både på regionale, nasjonale og internasjonale arrangement med fine resultat.

Gruppene har vore arrangørar eller med-arrangørar av arrangement på lokalt nivå.

Styret vil takke alle som bidreg til at idrettslaget kan tilby stor og allsidig aktivitet gjennom heile året!

### 13. Avslutning

Idrettslaget i bygda har mange viktige oppgåver å ivareta. Dei tillitsvalde i idrettslaget gjer eit framifrå arbeid og legg ned mange dugnadstimar. Så langt som råd er, skal Hafslo Idrettslag sine interesser kombinerast med einskilde medlemmer, andre lokale lag og organisasjonar, bygdesamfunnet som heilskap og kommunen sine interesser.



## Årsmelding 2017, Hafslo Idrettslag

I november vart Per Birger Lomheim frå Hafslo IL kåra av idrettskrinsen til «Årets frivillig i fylket – Idrettsnamnet 2018» i Sogn og Fjordane, og vart fylket sin nominerte til Årets eldsjel i 2017. Idrettslaget er stolt av at ein av våre medlemmer vann denne prisen, som også er med på å synleggjere den enorme dugnadsinnsatsen som vert lagt ned av mange i idrettslaget gjennom året. Sjølv om Per Birger ikkje nådde heilt til finalen på årets idrettsgalla på Hamar, vil han motta den velfortente prisen på Idrettstinget i Sogndal 14.april 2018.

Hafslo idrettslag har som mål å nå flest mogleg. Idrettsgrein, dugleik eller alder er ikkje relevant. Kvar einskild medlem skal få lov til å utvikle seg best mogleg ut frå egne føresetnader i den idretten ho eller han ønskjer å drive.

Vi skal tenkje langsiktig, både når det gjeld idrettsaktivitetar og økonomisk.

Idrettslaget har mange gode sponsorar som stiller opp. Ei stor takk til alle dei, men særskilt takk til hovudsponsoren vår Luster Sparebank, Luster kommune, Sportsbui Sport 1 Gaupne og Avery Dennison NTP AS som har bidrege med gode økonomiske avtalar.

Vi har mange medlemmer og høgt aktivitetsnivå. Den gode økonomien til laget kjem i stor grad frå positive medlemmer og bedrifter som stiller opp på dugnad og som tek i eit tak for idrettslaget.

Styret vil rette ein stor takk til alle som er med og held aktiviteten oppe i idrettslaget vårt. Det er ein fantastisk innsats de gjer for Hafslo Idrettslag gjennom året! Tusen takk alle saman!

**Styret i Hafslo idrettslag, 31.12.17**

## Årsmelding frå Barneidrettsgruppa 2017

### **Medlemer:**

Laila Haugsvær (leiar) og Monika Reime (nestleiar).

Barneidrettsgruppa er samansett av leiar og nestleiar. Vi har samarbeida med representantar frå dei andre særgruppene som har hatt ansvar for sine aktivitetar. All idrett organisert av HIL for barn til og med 11 år er ein del av barneidretten, og barneidrettsgruppa set opp ein felles plan for kvar sesong. Særgruppene har ansvar for kvar sine aktivitetar alt etter sesong, og hovudmålet for barneidrettsaktivitetane er at ein skal ha eit variert og allsidig program der ein i løpet av året er innoom mange ulike idrettsaktivitetar.

### **Aktivitetar:**

Får januar til påske var det ski-aktivitetar kvar onsdag på Heggmyrane. Me hadde ansvar for registrering av deltakarane. Det var totalt 85 registrerte barn. I samarbeid med langrennsgruppa hadde vi ulike skileik-aktivitetar og tidtaking. Vi avslutta skisesongen med felles kveldsmat og premieutdeling saman med hoppgruppa og alpint.

I vårsesongen satsa me friskt med ulike aktivitetar kvar tysdag. Vi arrangerte sykling, gjekk turar «på bok», natursti, friidrett og ballaktivitetar på skuleplassen. Det var lågt oppmøte, mellom 5 og 15 kvar gang. Avslutningstur «på bok» til Hillestadstølen.



## Årsmelding 2017, Hafslo Idrettslag

Rett etter skulestart starta vi opp med tur til Øvrabøstølen. Grunna lågt oppmøte vart det ikkje fleire turar. Men vi arrangerte orientering saman med orienteringsgruppa og friidrett saman med trimgruppa.

Etter haustferien starta vi opp med program i gymsalen. Barna vart delt inn i grupper etter alder. Måndagar hadde vi fokus på motorikk, balanse, leik og to gongar med turn. Til å arrangere turn leigde vi inn ein student med eigen erfaring frå turn. Ho fekk hjelp av foreldre til å organisere treninga. Vi har fått hjelp av foreldre til å arrangere treningane, og vi vil nytta høve til å takke for god innsats. På onsdagane har vi hatt fokus på ulike ballspel. Vi har i samarbeid med fotballgruppa hatt ansvaret for innhaldet i treningane på onsdagane. Det har primært vore veksla mellom handball og fotball, men barna har og fått prøvd andre ballspel som basketball og kanonball. Det har vore veldig godt oppmøte på treningane.

Den yngste gruppa har hatt rundt 10-15 deltakarar, mens den eldste gruppa (inkludert 5.klasse) har hatt rundt 25 deltakarar. Me avslutta sesongen med klatring og bading i Skjolden. Der fekk vi god hjelp av Katrin Læg Reid Nes og to klatreinstruktørar frå Hafslo: Karin Sørli og mannen hennar. Vi avslutta med kveldsmat før vi reiste heim. På avslutninga var det 13 barn som deltok.

Laila Haugsvær og Monika Reime

## Årsmelding for langrennsgruppa 2017

### **Styret:**

Kjersti Eikum Tang

Kurt Norheim

Trond Sekse

Jorunn Hillestad Sekse

### **Treningar:**

Frå januar var det treningar på Heggmyrane tysdagar og torsdagar. Jorunn og Trond Sekse hadde ansvar for desse. Jørgen Sekse og Sedrik Kauppi Norheim trena saman med løparane til IL Bjørn nokre torsdagar, medan dei yngste i IL Bjørn trena med Hafslo sine løparar. Det var ok oppmøte til tross for ein snøfattig og dårleg vinter.

### **Renn:**

Det var ikkje mange frå Hafslo IL som gjekk mange renn. Tilsaman 7 utøvarar har delteke på renn, men berre 3-4 har vore på fleire renn. Hafslo IL har ikkje arrangert noko krinsrenn eller sonerenn sjølv i år.

Hafslovatnet Rundt vart heller ikkje arrangert då det ikkje var nok snø.

Me arrangerte lagsmeisterskap på slutten av sesongen, der dei som hadde vore på treningar gjennom vinteren deltok. Me hadde kveldsmat og premieutdeling på kafeen på Skisenteret etterpå.



### **Onsdagsrenna:**

Også i år har det vore god deltaking på onsdagsrenna. Langrennsgruppa har arrangert desse saman med barneidrettsgruppa. Langrenn har hatt ansvar for tidtaking her, men færre born enn tidlegare har gått på tid. Varm saft ved målgang er stor stas. Nokre av renna har vore arrangerte som Telenor karusell. Siste onsdagsrennet var det premieutdeling og kveldsmat saman med dei andre skigruppene, trimgruppa og barneidrettsgruppa.

### **Barmarkstreningar:**

Etter haustferien har langrennsgruppa hatt barmarkstreningar kvar torsdag. Saman med alpintgruppa sine barmarkstreningar på tysdagane er dette eit supert treningsopplegg og god oppkøyring til vintersesongen.

Hafslo 30.12.2017  
Kjersti Eikum Tang



## Årsmelding for Alpingruppa 2017

### **Gruppestyret:**

Alpingruppa har bestått av:

Jørgen Berg (leiar), Kjetil Aspelund, Hans Olav Hellesøe, Elisabeth Sætren  
Hovudtrenar: Geir Foss

### **Trening/aktivitet**

På vinterhalvåret hadde vi treningar kvar tysdag (slalom) onsdag (storslalom) saman med Luster Telemark. Dette fungerte godt, vi var ein fast gjeng samt nokre nye på kvar trening. Geir Foss hadde hovudansvaret og gjorde ein fantastisk jobb med dette. Instruksjon med veiledning vert gitt for å møte utfordringa med å instruera mange samtidig- der det er forholdsvis stor alder og nivåforskjell. Vi ser også at det er eit behov å ha trenarar som kan vise og hjelpe til i barnetrekket. Dersom vi har kapasitet vil vi fortsette med dette arbeidet i 2018 vha. klubb utviklingsprosessen som blei sett i gong for 3 år sidan med krinsen v/Yngve Thorsen.

Etter haustferien i 2017 starta vi med barmarkstreningar tysdag og torsdag saman med skigruppene (hopp og langrenn). Dette har vore svært vellukka, vi hadde i snitt ca 25 utøvarar på fleire treningar!! Ryktet har spreidd seg og dette tilbodet har også vore bra marknadsført. Mange frå fotballen deltok også. Hovudansvaret for barmark torsdagar har vore Geir Foss. Kjetil Aspelund, Hans Olav Hellesøe og Jørgen Berg deltok på haustmøtet til skikrinsen i Sogndal i november for å planlegge sesongen og terminlista.

Vi har som i fjor hatt byttedag i november saman med bytte-/sal dag på Sogn Skisenter, noko som vart ein suksess. Det var også 15% rabatt på sesongkort, så køen var lang. Både skisenteret og skigruppene var nøgde med å samle dette. Alpinustyr er dyrt og kanskje er det mange som har utstyr liggjande. Det viktigaste er at aktiviteten i bakken blir større og at ungene opplever idretten som morosam!! Vi brukar aktivt Facebook-sida (Hafslo alpin) til aktivitetar også, då det kan vere meir effektivt. I tillegg har vi ei lukka gruppe for alpingruppa samt nokre tidlegare alpinistar ++.

Vi reiste til Hemsedal på precamp i begynnelsen av januar der vi primært trente slalåm. Dette var avtalt med Hemsedal alpint.

I skrivande stund har er det lagt opp til ny kretstreningmodell med eigen kretstrenar v/Anders Neteland med utgangspunkt i Jølster-onsdagane, der klubbene etter kvart skal overta meir for rekruttering, mens aldersbestemt trening vil bli meir styrt frå krets nivå.

Vi har også ei munnleg avtale med Sogndal Alpint, der ein forsøker å få til eit meir robust miljø utan at dette skal gå ut over breidda. Vi ser at i ein større samanheng blir klubbane for små kvar for seg og at dette kan gjerast meir slagkraftig. Samstundes er ein nødt til å ivareta eigne løparar på ein god måte og bygge eit godt miljø og fundament der ein er i ulike idrettslag. Det er ein utfordring der nokre løpararar reiser mykje vekk på samlingar medan andre satsar meir lokalt.



## Deltaking og resultat 2017



*Sindre og Ane trener med Hafslo IL og kører for Hemsedal*

SPV-renn og samling som var planlagt på Heggmyrane 28-29. januar blei flytta i siste liten til Sogndal pga usemje om forholda. Dette vart diskutert med krinsen der vi påpeikte dette og at ein bør unngå slik flytting pga den dugnadsinnsatsen som vert lagt ned i forkant av renn lokalt. Det viste seg å vere utfordrande også i Sogndal med lite snø, så her kan det har vore litt politikk inne i bilete.

SPV KM i alpint blei avvikla på Heggmyrane med mange gode tilbakemeldingar.

Nokre av utøvarane har i år delteke på Hovudlandsrenn på Hafjell (Sindre = Hemsedal og Wilma), kretsrenn i Sogndal og andre stader i fylket. Det er svært positivt og sosialt både for utøvarane og foreldre å delta på renn utanom eigen kommune. Utøvarane lærer masse og syner god utvikling der mange tek gode steg i riktig retning. Det er små marginar og mange detaljar som skal klaffe.





## Hovudlandsrenn Hafjell



*Sogn-og Fjordane alpinistar frå fleire klubbar på Hovudlandsrenn*

### **Resultat 2017:**

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/alpint/resultat/resultat-2017/>

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/2017/3/hovudlandsrennet-alpint2/>

### **SPV KM i alpint, SSL 25.02 og SL 26.02**

Hafslo Alpin avvikla to vellukka lokale arrangement i Sparebanken Vest Alpincup ved Sogn Skisenter. Vi avvikla to viktige krinsrenn i begge greinar og for mange deltakarar frå heile fylket. Begge renna var unnagjort på kort tid, noko som vitner om at alpingjengen er begynt å få gode rutiner på arbeidsoppgåvene når det er renn. Alpingruppa fekk også skryt frå skikrinsen og TD (teknisk ansvarleg) for rennet, noko som er verdt å ta med seg vidare. Det er alltid ting ein kan gjere betre, men positivt å lykkast av og til. Tidtakarbua ved mast 5 fekk også ei gjenoppliving og dette gjer tilhøva betre under avvikling av SL-renn.





## Årsmelding 2017, Hafslo Idrettslag



### Fjord1-cup 08.03

Sonerenn/rekrutteringsrenn for Sogn vart avvikla og vart vellukka med fleire yngre deltakarar også.



### HRN- 01.04.17

I 2017 sto Hafslo alpint som medarrangør av Heggmyrane rett ned (HRN), ned utforløya saman med Luster Telemark og Sogn Skisenter. Alpingruppa var godt representerte med dugnadsfolk og utstyr. Det var mange vaksne og ungar som deltok. Ungane var også inno m reipelykkja på alpinski, noko uvanleg løype for alpinistar, men kjekt!! Masse flotte premiar blei delt ut. Mykje jobb å organisere HRN i forkant og få tak i sponsorar slik at dette går rundt. Ikkje minst er tidtakinga og utabeiding av startlister/resultatlister etterkvart ei utfordrande oppgåve, då ein har mange årsklassar kombinert med to ulike greinar for hhv. Telemark og Alpint i ein og same konkurranse; ei slags kombinert-øving.



## Årsmelding 2017, Hafslo Idrettslag

Avhengig av snøforholda har vi landa på ein modell veka før påske der ein får ekstra deltaking frå tilreisande.



### Dugnad

Alpingruppa fekk ikkje hovudansvaret for overnatting på skulane på Hafslo under Lerum cup i samarbeid med langrenn og hopp i 2017, då det nye skulebygget ikkje tillot dette. Det vart difor ei omdirigering inn mot kiosk og parkering. Dette har vore ei viktig inntektskjelde med mange dugnadstimar for alpingruppa, og me fekk difor noko redusert dugnadsinntekt. Det har i september vore dugnad for skisenteret med beising av garasje og heisbu. Dette for å sleppe treningsavgift frå skisenteret. Neste sesong vil ein fortsatt diskutere ytterlegare ordningar for å kompensere dugnadsinnsats med lågare pris på sesongkort.

### Rekruttering og mål

Rekruttering og breidde er heilt klart hovudfokuset til alpint. Vårt mål er at alle skal bli betre på ski og skape eit godt miljø!! Vi brukar Telenorkarusellen som ein del av rekrutteringa gjennom barneidretten, der fokuset er leik og moro på ski. Vidare i åra som kjem blir hovudfokuset vårt å få opp ein større aktivitet i alpint med tilpassa teknikk på ulike nivå. Det er også ønskjeleg å fortsette det gode samarbeidet med Sogndal VGS.

Vi fortset å bruke SMS-gruppe, som betyr at ein kan sende gratismeldingar innad i alpingruppa ved kjappe avklaringar som skal gjerast. Dette har fungert bra, då alle i gruppa kan sjå svaret som kjem og ingen blir gløymt. Det er både eigen treningsgruppe og gruppe for berre alpingruppa. Tanken er særleg at ein under renn og liknande skal sleppe å forhalde seg til mange tlf. nummer og kunne sende ei melding til gruppa dersom ein lurar på noko eller skal komme med ein viktig beskjed. Det skal også vere litt sosialt.

Vi har til saman 5 trenarar (Baste Anthun, Tom Hjelmeseter, Jonny Øvrebø, Kjetil Aspelund og Rune Frækaland) i T1 (trenar 1 kurs). Ansvarleg for dette har vore Geir Foss.

Jørgen Berg har TD-kurs og vore på nokre lokale renn på arrangørsida.

Vi prøver fortsatt å få til eit samarbeid med skikrinsen vedrørende trenarutdanning. Då må alle som ønskjer å vere med som trenarar melde seg og bli med. Vi treng trenarar for dei heilt unge til dei litt eldre, så har du interesse og gjerne litt erfaring, så meld dykk.



## Oppsummering

Stabil gjeng der nokre også er aktive innanfor andre idrettsgreinar og miljø, noko som er utfordrande når det gjeld tid. Vi treng å vere fleire då det er ein del oppgåver å fordele. Også tidlegare alpininteresserte i bygda bør vere positive når vi spør dei om hjelp, dette varmar veldig og gir motivasjon til å fortsette med å byggje eit alpinmiljø.

Vi var tidleg ute med sosiale media i tillegg til den nye sjølvbetjente heimesida, og vi legg ut info og aktuelt stoff/linker, noko som har ført til mange «likes». Det er viktig å komme ut med informasjon tidleg som t.d. terminlista, då mange planlegg vinteren. Vi meiner at dette også er med på å synleggjere alpingruppa meir i lokalmiljøet og elles.

Kommentar til økonomien: Det er alltid ei utfordring at økonomien skal avsluttast midt i "alpinåret", så derfor kjem alpin ut med eit lite underskot i år, men mindre enn først venta, då vi fekk inn nokre midlar frå dugnad på slutten av året knytt til oppussing av skilt på heisbua. Mykje av investeringane er tekne og materiallista ajourført med nokre nye kortstaur som er kjøpt inn med fellesmidlar. Dermed kan vi arrangere til dømes U12-slalomrenn utan å måtte låne frå andre klubbar. Sikkerheitsnett er løyst ved at vi saman med Sogn Skisenter og Luster Telemark har fått tilslag på heile 235 meter med pent brukt nett frå Italia. Dermed treng vi ikkje lenger låne sikkerheitsnett frå Sogndal slik vi har gjort fram til no.

Vi vil nok ein gong takke Geir Foss frå Sogndal for den jobben han har gjort som hovudtrenar, både inne og ute og som ein god veileidar for både foreldre og utøvarar med alt som måtte ha med alpint å gjere!! Vi vil også rette ein stor takk til alle som er på Sogn Skisenter for den fantastiske jobben dei gjer. Alpinbakkane er alltid flott trakka, så treningane og renn er ein fryd å gjennomføre. Det er lett å vere i alpingruppa med eit slikt team som Sogn Skisenter stiller med!! Tusen takk til Hafslo Idrettslag som er villig til å satse på alpinsporten, då dette er ein dyr sport i eit lite idrettslag. Takk til alle som har hjelpt til og støtta oss gjennom året!

02.01.18

Jørgen Berg-  
leiar Hafslo alpint

## Årsmelding 2017 for Hoppgruppa

### 1. Gruppestyret

Per Birger Lomheim	leiar, trenar,
Jon Ove Lomheim	trenar, info, driftsleiar skitrek
Ove Fredheim	trenar, driftsleiar vinsj
John Inge Fredheim	rekruttering
Vegard Bondevik Lie	trenar og rekruttering
Kristin Sønnesyn	miljøkoordinator og rekruttering



## Avståtte tillitsmenn

Sogn og Fjordane Skikrins	Jon Ove Lomheim (hopp- og kombinertkomiteen)
Norsk Skidommarlaug	Per Birger Lomheim (krins- og forbundsdommar)
Luster Idrettsråd	Per Birger Lomheim (styremedlem)

## Representasjon

Jon Ove Lomheim	Skitinget på Skei 16-17. juni 2017
Per Birger Lomheim	Generalforsamling Sogn Skisenter, 4. mai (2. varam.)
Jon Ove/Per Birger L.	Haustmøte 11. nov. Skikrins/Idrettskrins

## 2. Trening

Grunntreninga for yngre er i samarbeid med dei andre skigruppene og barneidrettsgruppa. Det er framfor alt viktig at ungene er i aktivitet og at dei skaffar glede ved meistring i fleire idrettar.

## 3. Aktivitet

Sesongen i Kvamsbakken har dette året vore utanom det vanlege.

Storebakken har vore preparert fleire gonger, men den vart ikkje brukt. Vi måtte avlysa KM i hopp den 18. februar på grunn av snømangel. Det er berre 1 år tidlegare i snart 50 år historie at det ikkje har vore arrangert krinsrenn i Kvamsbakken. Det var så vidt aktivitet i minste bakken og alle SFE-cupane var på Sogn Skisenter. Med positiv tilrettelegging av skisenteret så vart det hoppa i bakkar opp til 12 meter med nyrekruttering av hopparar.

Dei mest aktive hopparane har dette året trena i Bjørkelibakkane (i Stryn) og då mest på plast sidan Stryn hadde berre kort periode med snø.

Ove Fredheim har gjort «nesten alle» sine treningshopp i Lysgårdsbakkane på Lillehammer (både på snø og plast).

Per Birger gjorde eit hopp i Kvamsbakken 16. januar, med utfall skade og avbud til veteran-VM i februar.

## Økonomi i gruppa

Deltakarar i hoppgruppa tek i stor grad utgiftene på si kappe og utgiftene blir særleg store i samband med trening når hoppbakketilbodet lokalt er lite tilfredsstillande for aktive hopparar. Som døme reiser familien til Bård Inge Fredheim til samling i Midstubakken i fleire dagar og til Solan Gundersen i Alvdal utan at laget vert belasta med rekning. Når det gjeld Ove Fredheim si reise til VM i Austerrike har laget berre betalt startkontingent. Med inntekter på dugnad så er økonomien i gruppa sunn, og med «treningsavgift» må ein framover rekna med meir dekning for reise og opphald ved konkurransar.

## Telenor-cupen

Hoppgruppa står som koordinator i høve arrangør av Telenor-cupen saman med langrenn, alpint og barneidrett. Cupen vart avslutta med matsservering og premieutdeling på Skisenteret den 5. april. Rapport med bilete vart etterpå sendt Skiforbundet. Ny søknad vart sendt hausten 2017 og Hafslo IL fekk i november tilsagn som arrangør i 2018 også. Premiane og diplomane er dags dato komne til Hafslo.



### **SFE-cupen**

Hafslo arrangere SFE-cupar i samarbeid med Skikrinsen og sponsor Sogn og Fjordane Energiverk. På grunn av lite snø m.m. har Hafslo IL dei siste åra ogso teke på seg slike rekrutteringsarrangement for andre lag.

### **PREMIE til hoppgruppa**

Hafslo Idrettslag, hoppgruppa, har dette året fått ein premie på kr. 4000,- frå Sogn og Fjordane skikrins for spesiell innsats i høve **SFE-cupen**. Dette var overraskande, men ei fin påskjøning for arbeidet i gruppa .

### **4. Dugnad.**

Hoppgruppa deltok med dugnad under arrangering av Lerum Cup og haustmarknaden til HIL.

Den største dugnaden for gruppa er likevel innsatsen med drift og vedlikehald av hoppanlegget i Kvam (dog vart snøprepping sist vinter mest førebuande arbeid då snø reiste igjen nesten like fort som den kom).

Her må alle delta med fottraking av småbakkane ogde 4 tilløpa, samt påfølgande skitragking og sporsetting. Per Birger har hovedansvar for preparering av slette/unnarenn med traktor (rull og slådd) og Ove/Jon Ove m/fl. med vinsj utfører preparering av bakken med rull og slådd. Dette er eit stort arbeid i høve kvalitet og tryggleik. Dette vart elles dokumentert i filmprosjektet «Folkesporten som forsvant» nemt seinare i årsmeldinga. Filmopptaket på Hafslo vart gjort vinteren 2016.

### **5. Deltaking på renn og treningssamlingar**

Landsrenn Solan Gundersen cup i Trysil, KM i Stryn, Vestlandske Skistemne på Voss, Verdsmeisterskap for veteranar (Villach i Austerrike)

Bård Inge Fredheim deltok også i år på 7-dagars samling i Midstubakken i juni (arrangør Norges skiforbund). Fleire hopparar har elles vore på samling på plast i Bjørkelibakken (Stryn) 9. juli under leing av Lorenz Fannemel (SFE-samling), vidare på SFE-hoppsamling i Bjørkelibakkane den 16-17. september under leing av Stig Morten Fredheim (no trenar «på heiltid» for Lillehammer hopp og Skiforbundet) og Gyda Enger (OL-deltakar hopp Sotsji 2014).

### **6. Resultat 2017**

Bård Inge Fredheim deltok på krinslag for Sogn og Fjordane saman med Johannes Årdal og Eirik Flo Stavik på Solan Gundersen cup i Alvdal (Trysil) der dei vart nr. 11 av dei 25 kretslaga som deltok.

KM i Bjørkelibakken 26. mars

Erlend Sie krinsmeister 14 år og Jon Ove Lomheim krinsmeister senior/veteran.

Dessutan 1. premie til Gard Sønnesyn, 11 år og Bård Inge Fredheim, 12 år.





## Årsmelding 2017, Hafslo Idrettslag



*Hafslo-gutar etter KM 26.mars 2017: Frå venstre: Bård Inge Fredheim, Gard Sønnesyn, Erlend Sie*



*Medaljevinnarar KM 26.mars 2017 Bak frå v. Arve Sæthre (sølv), Jon Ove Lomheim (gull) fylkesmeister og Erlend Sie (gull) Framme: Eirik Flo Stavik (sølv) og Johannes Årdal (gull) i 13 årsklassen.*

Vestlandske Skistemne på Voss 2. april (vestlandsmeisterskap)

Gutar 11 år: Gard Sønnesyn, Gabriel og Benjamin Afdal tok 3. 4. og 5. plass.

Jenter 13 år: Oda Sønnesyn vinnar

Gutar 13 år: Bård Inge Fredheim vinnar

Gutar 14 år: Erlend Sie vinnar

Veteran : Jon Ove Lomheim vinnar.

VM for veteranar i Villach, Austerrike, 8- 11. februar.

Ove Fredheim , bronse i K-60 meter (15 deltakarar)

sølv i kombinert

bronse for Norge i hopp (av 11 landslag)

bronse for Norge i kombinert

Dessutan vart Ove nr. 4 i K-90 meter med hopplengde på 79 og 79,5 meter.

Flott innsats av Ove der 11 nasjonar deltok på meisterskapen.

(Landslaga består av 1 frå kvar av klassane 30 år, 40 år, 50 år og ein over 60 år).

## 7. Filmprosjekt

Torsdag 9. mars 2017 kl. 22.30 vart dokumentaren «Folkesporten som forsvann» vist på NRK1. Sondre Dalaker sin film med basis i aktiviteten på Hafslo og Kvamsbakken kom på TV. Dette vakte åtgaum og det kom mange positive tilbakemeldingar på programmet frå heile landet. Mange eldsjeler og hopparar elles kjente seg igjen frå aktive hoppmiljø og som mange stader er heilt eller delvis borte.

Dalaker har fått opplyst av NRK at 245.000 sjåarar følgde dokumentaren (filmen) direkte, og mange har elles sett filmen på nett.

## 8. Sesongen 2018

Sesongen 2018 er i gang. Alt den 16 og 17. desember arrangerte hoppgruppa SFE-samling hopp i Kvamsbakkane (kun i småbakkane opptil 18 meter då det ikkje var nok snø i K40-K58).

Den 28-29. desember hadde vi deltakarar på treningssamling i Bjørkelibakkane, Stryn.



Ut over vinteren skal Hafslo arrangera :

- SFE-cup 13. januar,
- krinsrenn/vestlandscup nr. 2 den 28. januar,
- reservearrangør for SFE-cup/krinsrenn Hjortebakkane, Kaupanger, den 1. februar

Av aktuelle renn utanfor krinsen vil ein nemna Vestlandsmeisterskap på Bulken (Voss den 25. februar), Solan Gundersen, Alvdal i Trysil den 2-4. mars og VM for veteranar i Planica, Slovenia den 5.-10. mars.

## 8. Oppsummering

Etter forholda har hoppgruppa bra aktivitet takka vere ein iherdig innsats av hoppgruppa og foreldre. Utan tilrettelegging av preparerte bakkar vert det heller ikkje hopparar og hoppmiljø.

Hoppgruppa slit med aktiv breidde. Årsaka er mykje manuelt arbeid og anlegg som ikkje er tilfredstillande i forhold til dei anlegga ein møter andre stader. Hoppgruppa ser fram til at det vil skje noko i høve utbygginga på Sogn Skisenter.

Til slutt vil hoppgruppa takka alle som har hjelpt til, her også **Tom Idar Kvam** for fresing/prepping av vegtilkomst m.m. til Kvamsbakken når kulde- og snøtilhøva tillet det. Ei stor takk også til Sogn Skisenter for tilrettelegging av små treningsbakkar for trening, Telenorarrangement og SFE-cuprenn.

Lomheim 2. januar 2018  
Per Birger

## Årsmelding for Orienteringsgruppa i Hafslo IL 2017

**Gruppestyret:** Pål Iversen (leder), Ove Oklevik, Trond Sekse

Orienteringsgruppa planla en sesong 2017 med lite aktivitet. Og det har det vært. Men det har vært noe aktivitet, og den aktiviteten som var, var god!


**Utdanning:** Audun Oklevik har gjennomført løypeleggerkurs. Dette kurset må man gjennomføre for å ha de kunnskapene som trengs for å legge orienteringsløyper.

**Aktivitet, deltagelse:** Hafslo IL hadde to deltakere på KM i sprint på Kaupanger 09.sept. Og vi fikk jammen en kretsmester. **Karen Street** vant gullmedaljen i dameklassen (D17), en sterk og spenstig klasse. Vi gratulerer! Audun Oklevik ble nummer fem i herreklassen (H17). En god prestasjon det også. Audun Oklevik deltok på kretssamlinga for ungdom på Kaupanger samme helg.





**Aktivitet, arrangement:** Vi arrangerte ett nærløp, i Moane 27.09. Audun Oklevik hadde ansvaret for løypene, og høstet veldig gode tilbakemeldinger. 50 personer, fra barn til løpere med internasjonale løp bak seg, deltok. Kart fra nærløpet:



IL Bjørn og Sogndal IL sine o-grupper har lånt utstyr av oss for å arrangere lokale løp.

**Avgitte tillitsvalgte:** Ove Oklevik sitter i styret for Sogn og Fjordane Orienteringskrins, og representerer Hafslo IL der.

**Anna:** Ove Oklevik deltok, og holdt innlegg på Opent Lagleiarmøte i regi av idrettskretsen i Sogndal 11.11.

**Planer for 2018:** For 2018 planlegger vi å arrangere minst ett nærløp, trolig i juni. Dette vil være i samarbeid med Sogndal si o-gruppe, og som en del av de ukentlige treningene/nærløpene som blir arrangert i Sogn. Vi oppfordrer alle til å delta. Terminlister ligger på nettet. Det er alltid flere løyper i ulik vanskegrad. De letteste klarer barn i småskolen å gjennomføre trygt og godt. De vanskeligste setter krav til voksne løpere, med mindre man skrur ned ambisjonsnivået og løpsfarta, og heller vil gjennomføre for å få en koselig runde i skogen.

Kartene våre er elektroniske og de er å definere som «anlegg». Når det skjer endringer i terrenget eller infrastruktur (veier, bygninger, høyspent etc), må kartene oppgraderes. Siden kartene ble delvis finansiert av Tippemidler, er vi pliktige til å vedlikeholde kartene i tråd med anleggsplanen til idrettslaget. Kartene for Oklevik, Heggmyra og Sentrum (skolekartet) må alle oppgraderes, da det er endringer i veier, bygninger og anleggsveier. Vi planlegger å gjennomføre dette i 2018. Dette er allerede lagt inn i anleggsplanen til Hafslo IL, og er prioritert, så vi regner med at det skal la seg gjennomføre.

Hafslo 31.12.17, Pål Iversen



## Årsmelding 2017 for Fotballgruppa Hafslo IL

### Desse har vore med i styret i Fotballgruppa i 2017:

Kai Inge Cirotzki (leiar), Anne Therese Moen (nestleiar), Mette Johannessen (sekretær), Asbjørn Kjos (miniputtansvarleg) og Nils Einar Sjøhoel (materialansvarleg)

Vi har hatt 10 styremøter og har behandla 61 saker. I tillegg har vi hatt ekstra arbeidsmøte i forkant av miniputtturneringa.

Siste helga i november deltok Kai Inge, Mette og Geir Arne Kvam på SFFK si miljøhelg i Førde. Der mottok Geir Arne Grønt merke frå kretsen (for lang og tru teneste for klubb og krets).

Fotballgruppa har eit årshjul og ein Sportsplan som dannar grunnlaget for korleis vi planlegg og organiserer arbeidet gjennom sesongen.

### SENIORFOTBALL

På seniornivå har vi hatt damelag i 4.divisjon.

#### Damelaget:

**Trenar:** Kai Inge Cirotzki

Dei har spelt i 4.div som tidlegare. Har hatt godt samarbeid med jentelaget, der fleire spelarar har vore med damelaget på kampar.

### 4.divisjon kvinner 2017

---

	Lag	S	P
1	<u>Sogndal</u>	10	30
2	<u>Vik</u>	10	16
3	<u>Lærdal</u>	10	16
4	<u>Dale</u>	10	14
5	<u>Hafslo</u>	10	9
6	<u>Syri</u>	10	3

### ALDERSBESTEMT ( 11-17 år)

Hafslo IL har stilt med 8 lag i seriespel for aldersbestemte lag sesongen 2017 (4 jentelag og 4 gutelag).

### J15/16/17 (jenter født 2000/2001/2002)

**Trenarar:** Norill Therese Norheim og Jarand Røneid

**Lagleiar:** Elin Anette Hillestad og Elin Solstad



## Årsmelding 2017, Hafslo Idrettslag

J15/17 har samarbeida med Bjørn. Dette har vore eit kjempeflott samarbeid, som har gitt spelarane mykje både på og utanfor bana. Seks 15-åringar og to 16-åringar frå Hafslo har vore med denne sesongen.



*Samarbeidslag mellom Hafslo IL og IL Bjørn i klasse J15/16/17*

### J15/17 11 avdeling 1 2017

Lag	S	P
1 Sogndal J 15/17 11	10	30
2 Jotun J 15/17 11	10	19
3 Kaupanger J 15/17 11 1	10	19
4 Syril J 15/17 11	10	10
5 Bjørn /Hafslo J 15/17 11	10	6
6 Vik J15/17 11	10	4

### J15/17 2.divisjon avd. 1 haust 2017

Lag	S	P
1 Syril J 15/17 11	9	20
2 Bjørn /Hafslo J 15/17 11	9	15
3 Vik J 15/17 11	9	10
4 Kaupanger J 15/17 11 2	9	5

### G15/16/17 (gutar født 2000/2001/2002)

**Trenarar:** Nils Einar Sørhoel og Tommy Sørensen

**Lagleiar:** Camilla Bremer og Lars Beheim (vårsesongen), Ove Midtbø (haustsesongen)

Har hatt eit 11'ar lag, og 18 gutar har vore med heile eller delar av sesongen. Har hatt ein grei sesong. Vore bra oppmøte på treningar og kampar. 17 åringane har i år vore med som ein prøveordning (bestemt av kretsen), som også kjem til å bli vidareført neste sesong. Sesongens høgdepunkt var turneringsdeltakinga på Vildbjerg Cup i Danmark 3.-6.august 2017. Trass tap i alle kampane, var det ei flott og sosial oppleving både for spelarane, trenarane og familieane som var med.



## G 15/17 avd. 2 vår 2017

	Lag	S	P
1	Bjørn G 15/17 11	10	27
2	Vik G 15/17 11	10	20
3	Jotun G 15/17 11 1	10	19
4	Syril G 15/17 11	10	11
5	Hafslo G 15/17 11	10	6
6	Sogndal G 15/17 11 2	10	4

## G 15/17 avd. 1 haust 2017

	Lag	S	P
1	Syril G 15/17 11	8	19
2	Jotun G 15/17 11 1	8	19
3	Bjørn G 15/17 11	8	18
4	Lærdal G 15/17 11	8	15
5	Vik G 15/17 11	8	14
6	Sogndal G 15/17 11 2	8	7
7	Hafslo G 15/17 11	8	7
8	Årdalstangen /Jotun 2 G 15/17 11	8	6
9	Aurland G 15/17 11	8	0



*Godt nøygde Hafslo G15/16/17-gutar etter siste kamp under Vildbjerg Cup 2017*





### J13/14 (jenter født i 2003/2004)

**Trenarar:** Norill Terese Norheim

**Lagleiar:** Hilde Holte Selland og Jim Sletten

#### J 13/14 9ar avd. 1 vår 2017

	Lag	S	P
1	Vik J 13/14 9 ar	8	24
2	Sogndal J 13/14 9 1	8	21
3	Kaupanger J 13/14 9	8	18
4	Bjørn J 13/14 9	8	13
5	Jotun J 13/14 9	8	13
6	Hafslo J 13/14 9	8	9
7	Syril J 13/14 9	8	6
8	Sogndal J 13/14 9 3	8	3
9	Sogndal J 13/14 9 2	8	0

#### J 13/14 9ar avd. 1 haust 2017

	Lag	S	P
1	Kaupanger J 13/14 9	6	18
2	Bjørn J 13/14 9	6	15
3	Hafslo J 13/14 9	6	12
4	Jotun J 13/14 9	6	9
5	Syril J 13/14 9	6	6
6	Sogndal J 13/14 9 2	6	1
7	Sogndal J 13/14 9 3	6	1

#### J 13/14 7 ar avd. 1 2017

	Lag	S	P
1	Lærdal J 13/14 7	12	36
2	Vik J 13/14 7	12	24
3	Bjørn J 13/14 7	12	20
4	Årdalstangen /Jotun J 13/14 7	12	19
5	Hafslo J 13/14 7	12	19
6	Aurland J 13/14 7	12	6
7	Balestrand J 13/14 7	12	0

11 13-åringar og 6 14-åringar har vore med denne sesongen. God sesong med god utvikling for mange spelarar. J13/14 har hatt eitt 9ar og eitt 7ar lag denne sesongen der alle spelarar har fått spelt mange kampar. J13/14 har vore med på Lerum Cup og Hessa Cup. På Lerum Cup spelte me A-finale 7ar, der me diverre tapte. Men jentene hadde ei fin oppleving med mykje supportarar i Moane. På Hessa cup spelte jentene tidenes kvartfinale, der me vann på straffespark. Det vart diverre bestemt at den skulle spelast om igjen pga. skeive mål. Denne



## Årsmelding 2017, Hafslo Idrettslag

endte i tap, og det var nokre skuffa spelarar som måtte forlate Ålesund. Me var veldig misnøgd med behandlinga av saka, og som trenar kjem eg ikkje til å ta turen tilbake til Hessa Cup på lang tid.



### **G13/14 (gutar født 2003/2004):**

**Trenarar:** Joar Duesund, Aleksander Haugen

**Lagleiar:** Pål Iversen

### **G 13/14 9ar avd. 2 vår 2017**

---

	<b>Lag</b>	<b>S</b>	<b>P</b>
1	Kaupanger G 13/14 9	8	19
2	Jotun G 13/14 9 1	8	18
3	Hafslo G 13/14 9	8	13
4	Sogndal G 13/14 9 3	8	7
5	Sogndal G 13/14 9 2	8	1

### **G 13/14 9ar avd. 1 haust 2017**

---

	<b>Lag</b>	<b>S</b>	<b>P</b>
1	Jotun G 13/14 9 1	10	21
2	Sogndal G 13/14 9 1	10	20
3	Bjørn G 13/14 9	10	19
4	Sogndal G 13/14 9 2	10	11
5	Hafslo G 13/14 9	10	10
6	Sogndal G 13/14 9 3	10	5



Flott 2.plass til Hafslo G13/14 i B-sluttspillet under Lerum Cup 2017

### J11/12 (jenter født 2005/2006)

**Trenarar:** Vivian Kvam og Kai Inge Cirotzki

**Lagleiar:** Tone Helen Kvalen

7 2006 spelarar og 4 2005 spelarar + 6 2007 spelarar som har både trent og spelt kampar med J11/12. Bra med stabile trenarar og treningstider. God tilgang på treningstider etter at me kom ut, ingen problem å få tider, verken i Moane eller på kunsgrasbana ved skulen. Akademiet på laurdagar har vore svært positivt. J 07 og 08 har hatt veldig godt av å delta på 06 og 05 sine treningar. Dei får då noko å strekke seg etter, og opplever å vere ein del av ei større treningsgruppe. Dei eldste har ikkje alltid opplevd det som positivt å alltid måtte trene med dei som er yngre. Godt å vere fleire trenarar som deler på ansvaret og kjem med innspel til kvarandre. Godt å vere fleire trenarar på turneringar. Hospitering av J 07 opp på 9` ar kamp, positivt for dei som fekk vere med, litt blanda kjensler for dei som hørde til laget. God kommunikasjon frå fotballgruppa og ut, samt gode dommarar på kampane me har hatt vertfall. Jentene ønskjer å kunne vere eigne lag i kvart årskull på turneringar, dette betyr mykje for mange, og då får dei møte spelarar på eigen alder og eige nivå.

-Måløy Cup – positiv oppleving, først og fremst pga. det sosiale. Litt lang reiseveg. Ein del foreldre føler på at dei må vere med, og då melder ikkje dei på ungen sin. Kan bli opplevd som litt dyrt for enkelte.

-Ål Cup– kjempefin turnering. Må vurdere om ein skal ligge samla med laget, både positive og mindre positive sider ved at alle ordnar overnatting sjølv, og at ein blir spreidd utover.





## Årsmelding 2017, Hafslo Idrettslag

-KM – innandørs – her melde ein på eit lag i J 13, dette er sluttspel, og det vart litt alvor kring dette. Når me kvalifiserte oss var det positivt, men når me gjekk vidare vart det litt smådiskusjonar. Laga eit opplegg der me overnatta, dette vart litt i dyraste laget. Vanskeleg å prioritere når det kjem til sluttspel, skal ein gå for resultat, eller inkludere alle?

-Lerum – Cup – dyr å delta på for HIL, vanskeleg å få til å gå opp med tanke på dugnad mm. Vart litt strevsamt for J10 som hadde 9-åringar på laget og måtte spela i J11-klassen pga. få lag i J10.

-Jentefotballens dag – ok

-Eat, move, sleep – ok, men trenarane må gje beskjed på førehand om dei kan stille eller ikkje, slik at ein får organisert erstattarar før ein melder på lag.

-Kongleriketturneringane – nokon tykker det er godt utan at Sogndal er med, mindre folk og går fortare, men det gjer at det ikkje vert lag i alle klassar, og det er ikkje positivt.

Må vere fleire trenarar knytt til alle lag. Samarbeid på tvers er veldig bra, både for spelarar og trenarar. Turneringar er kjekt, men kan verte dyrt, og det legg forventningar på at alle er med.

### **G12 (gutar født 2005)**

**Trenarar:** Frode Olav Haara

**Lagleiar:** Mette Johannessen

Var 14 spelarar ved sesongstart; ein slutta etter vårsesongen og ein har berre vore med på treningane. Trenings- og turneringssamarbeidet mellom G05 og G06 har vore eit særskilt vellykka grep denne sesongen. Det er fleire grunnar til dette:

-Større dynamikk og fleksibilitet i treningsarbeidet (det er fleire vaksne på trening og dermed høve til å differensiere og prioritere spesialoppfølging (til dømes keepertrening, taktiske og tekniske øvingar).

-Vi vert mindre sårbare om ein trenar ikkje kan delta på ei trening.

-Større treningsgruppe gir fleire moglege måtar å organisere spel og øvingar på.

-G06 har hatt høve til å delta på turneringane Lerum Cup, Ål Cup og EatMoveSleep (i Sogndal) (Deltatt saman med G05 i G05-klassen).

Samarbeidet mellom oppmann/trenar og foreldregruppa har vore godt (slik det alltid har vore!). Foreldre er særskilt flinke til å stille opp på kampane gutane spelar, og på køyring til kampar, på turneringar, etc. Me har hatt eit 9ar-lag i G05-klassen som spelte så resultat messig bra i vårsesongen at det blei plassert i den sportsleg sterkaste pulja ved reorganiseringa av puljene til haustsesongen. Seriekampane i vår, og ikkje minst i haust, har vist at Hafslo G05/06 (tre G06-gutar har hospitert opp i fleire kampar, og fem G06-spelarar har vore aktuelle for turneringane), har eit mannskap med flott sportsleg potensiale.



Dette vart og stadfesta på turneringane vi har deltatt på, då det har bydd på mykje flott spel mot lag vi ikkje pleier å møte, med gode resultat.

På fotballtreningane er det høg intensitet og god konsentrasjon om det vi held på med. Det skal gutane ha skryt for!

Vi er og godt nøgd med å ha halde samarbeidet med Lom IL ved like (dei besøkte oss igjen i sommar), og å ha innleia det vi kan håpe vert eit lite samarbeid med Syril IL. Vi inviterte oss sjølv ut til dei på Leikanger for ein treningskamp i april (medan det ennå var umogleg å spele 9ar-fotball på Hafslo grasbane), og kunne med glede ta dei imot til ein treningskamp på Hafslo no i haust (tilfeldigvis på måndagen som var HIL sin fotballavslutning). Og med takk til HIL kunne vi by dei litt varm mat frå kiosken etterpå. Tusen takk for det! Dette vil det vere fint å kunne halda ved like framover.

Det er alltid noko som kan vere betre enn det er, men i dette tilfellet er det frå trenarsida lite meir ein kan ønskje seg. I eit sjølvkritisk lys kan ein alltid bli betre på kommunikasjon, både med einskildspelarar, foreldre, trenarar ein samarbeider med, og oppmann. Det har likevel vore godt samarbeid på alle hald, og det skal vi dyrke vidare. Det har ikkje vore heilt optimalt å ha treningstid fredag klokka 1700-1830. Tanken har vore god, men det viser seg at det er eit tidspunkt som ikkje passar så godt for spelarar (og trenarar) heile tida. Med kampdag torsdag har det likevel vore fint å ha denne dagen til trening, mellom anna for å kunne gripe tak i kampen frå dagen før.

Vi har gjennom året deltatt på:

-Futsal turneringane (3 stk.): Dette var tre dagsturneringar i november, desember, januar 2016/17, som var trivelege å delta på. På den andre sida er det lange dagar, og det var lange reiser, for relativt korte speløktar. I tillegg kjem den første turneringa svært kort tid etter at utandørssesongen er avslutta.

-KM-kvalifisering futsal 2004 og 2003 (februar 2017): Vi hadde nokre spelarar med på KM-kvalifisering i klassen for 2004 og for 2003, og dei klarte seg godt. Ingen av laga kvalifiserte seg for sluttspillet på Sandane i mars.

-Lerum Cup (juni 2017): Saman med G06 (og nokre jenter frå J05 og J06 i to kampar eine dagen) stilte G05 to 7ar-lag i Lerum Cup, i G05-klassen. Dette er ei signaltturnering for Hafslo IL, og det er flott og riktig at Hafslo IL stiller med så mange spelarar som mogleg (med subsidiert påmeldingsavgift). Det var ikkje sluttspel for G05-klassen, men laga spilte godt og koste seg på den lokale turneringa!

-Ål Cup (august 2017): Saman med G06 stilte G05 eitt 9ar-lag, og deltok på denne turneringa for tredje gong på rad. Dette er ei turnering vi har likt å reise til. Den er ikkje så langt unna, den gir høve til å møte andre lag enn dei vi møter til vanleg, og den ligg rett før skulestart. Det var ikkje sluttspel for G05-klassen, men laget vann alle sine fem kampar, og gutane var sjølvsagt nøgd med det!



## Årsmelding 2017, Hafslo Idrettslag

-EatMoveSleep (Sogndal oktober 2017): Saman med G06 stilte G05 to 7ar-lag, og deltok for siste gong på denne turneringa (til neste år er G05-gutane for gamle til å delta). Det har vore mykje rart når det gjeld kampoppsett i løpet av dei åra vi har deltatt på denne turneringa, men dei to siste åra har vore særskilt bra. Det var ikkje sluttspel, men laga spelte mykje flott fotball, og hausta honnør for det!



*Velfortent premie til Hafslo G12 under Ål Cup 2017*

### **G11 (gutar født 2006)**

Trenarar: Kurt Heggstad og Torgeir Kjos-Wenjum

Lagleiar: Wenche Aspelund Linde



*Hafslo G11 ladar opp til bortekamp mot Syril 14.juni 2017*



## **MINIPUTT:**

**Miniputtansvarleg:** Asbjørn Kjos

Det er framleis mange miniputtar på Hafslo; om lag 80 gutar og jenter i alderen 6-10 år har delteke på miniputt-treningar og miniputt-turneringar sesongen 2017. Det er spesielt gledeleg at det nesten er like mange jenter som gutar med på fotballaktivitet for dei yngste i Hafslo IL. Hafslo IL har hatt med ca. 10 lag på dei 4 Kongleriket-turneringane denne sesongen.

### **Frivillig seriespel for miniputt:**

Dei eldste miniputt-laga, G9, G10 og J9/10, har også i år delteke i seriespel for miniputt. Seriespel for dei eldste miniputt-laga var eit nytt tilbod for nokre år sidan, og har vist seg å vere eit flott tilbod som er kjekt for spelarane å vere med på.

### **J6/7/8 (jenter født 2009/2010/2011):**

**Trenarar:** Lars Olav Halleråker og Marius Drægni (onsdagar)

**Lagleiar:** Rine Kvam (2009/2010) og Anita Halvorsen (2011)

Det bør ikkje vere meir enn eit kull pr. treningsgruppe. Dei som fortsatt går i barnehage og ikkje har spelt fotball før, bør heller settast saman på tvers av kjønn og ikkje alder. Td. var det mange deltakande jenter frå kull 2011 på våren, men svært mange av desse datt av. Eg trur at det vert litt for vanskeleg å tilpasse aktivitet til desse samstundes som aktiviteten skal tilpassast dei som har spelt fotball i to år før, og er på eit heilt anna nivå.

Både eigen turnering og dei andre turneringane er bra gjennomført. Styret har god kontroll, og prøvar å legge til rette for at dagane skal vere så bra som mogeleg; BRA JOBBA!

### **G6 (gutar født 2011):**

**Trenar:** Jan Heggstad

**Lagleiar:** Anita Sjøthun

Alle har møtt til alle treningar, og alle har møtt med strålende humør. Fokus på fotball har vore særst variabelt, men med tanke på at dette var barnehageborn når me starta sesongen, kan ein ikkje forvente meir. Turneringane har gått veldig bra. Ungane var hakket meir fokuserte på turnering enn på trening. I år har åtte gutar vore med på laget. I tillegg har me hatt med oss ein 2012-gut på treningar.

### **G7 (gutar født 2010):**

**Trenarar:** Vegard Bondevik Lie

**Lagleiar:** Mariska Solheim

Totalt 8 spelarar. Fine turneringar, med progresjon i spel og forståing gjennom året. Treningane har fungert bra, men litt varierende oppmøte. Når det har vore få, har dette løyst seg med at gruppa har trena saman med 2009 eller 2011. Turneringane har vore gode, og kampoppsettet har stort sett vore passeleg når det gjeld tal kampar og avstand i tid mellom kampane. Men det har blitt litt for få lag å spele mot, sidan det har vore små klubbar, som ikkje har lag i alle klassar.



### **G8 (gutar født 2009):**

**Trenarar:** Styrk Hofslundsengen og Åge Ruud

**Lagleiar:** Anne Therese Moen

11 spelarar. Samarbeidet mellom trenarar/oppmann(dame), foreldre og andre kulls trenarar har vore bra. Det handlar nok også om eitt innarbeida system som fungerer. Dei har delteke på Kongleriket turneringar og Eat, Move, Sleep i Sogndal. Det har fungert godt på alle turneringane med mange påmeldte frå kullet.

### **J9 (jenter født 2008):**

**Trenarar:** Marius Drægne + Vivian Kvam og Kai Inge Cirotzki (måndagar)

**Lagleiar:** Rine Kvam

Det har vore med 4-5 spelarar. J8, Marius og foreldra har satt pris på samarbeidet med J10/11/12, Kai Inge og Vivian på måndagstreningane, samt i turneringar; dette har løfta J 08 opp eit ekstra hakk. Det kunne ha vore bedre kommunikasjon mellom trener og foreldre i nokre tilfeller kor trening vart avlyst.

### **G9 (gutar født 2008):**

**Trenarar:** Bjørn Arild Grindhaug, Kurt Norheim, Ine Jeanett Skjerven

**Lagleiar:** Silje Kauppi

### **G10 (født 2007):**

**Trenarar:** Sandhya Karlsen Holene og Jannike Skår

**Lagleiar:** Trude Beate Oksnes

13 spelarar har vore med i 2017. Trening har vore bra og ein ser stor framgang på samtlege spelarar. Godt oppmøte på turneringar og kampar. Litt ymse oppmøte på treningar. Har vore utfordrande å ha 13 spelarar til 5-ar fotball; lite speletid til ivrige spelarar. Til tider utfordrande med to hovudtrenarar; bør vera ein som står som hovudtrenar. Få motstandarlag i miniputt-turneringane, opplever å møte same lag fleire gonger i same turnering. Dette gjentek seg gjennom heile sesongen. Ål-cup veldig positivt sosialt, fekk møte nye lag. Spelarane fekk mykje speletid. På Lerum Cup fekk laget hjelp av trenar og kull frå 2008 for å stille lag; det blei ei stor gruppe. Kull 2008 stilte med mange spelarar, så kull 2007 fekk ikkje så mykje speletid som dei kanskje hadde ønskt i sin debut i Lerum Cup. Treningsopplegget i forkant og måten spelarane vart fordelt på dei ulike kampane var positivt. (alle spelarane var eit samla lag-ulik samansetning for kvar kamp- ryddig og greitt fordelt). Eat, move, sleep var veldig positivt, men litt lite speletid (korte kampar).

### **J10 (jenter født 2007)**

**Trenarar:** Vivian Kvam og Kai Inge Cirotzki

**Lagleiar:** Mette Johannessen

6 spelarar. På miniputtturneringane har J10 samarbeida med J9 sidan J9 ikkje har vore nok spelarar til å stille eige lag. I det frivillige seriespelet hadde J10 eit eige lag sidan J9 ikkje meldte seg på, men alle J9 spelarane fekk vera med på to kampar kvar. I tillegg var det to J8





## Årsmelding 2017, Hafslo Idrettslag

spelarar som fekk prøva seg i 7ar kamp mot Sogndal i det frivillige seriespelet. J10 vann 5 seriekampar, spelte ein uavgjort og tapte begge kampane mot Sogndal.

### TURNERINGSDELTAING

I tillegg til seriekampane, har Hafslo IL sine lag delteke på mange turneringar i løpet av 2017.

#### **Lerum Cup 30 juni - 2 juli 2017:**

Hafslo IL stilte lag i desse klassane: Hafslo G9/10, Hafslo J9/10, Hafslo J12, Hafslo G12, Hafslo G13/14, og Hafslo J13/14 9ar.

Det låg an til låg deltaking frå Hafslo pga. at den høge deltakaravgifta som er på Lerum Cup. (pris B-kort 820,- per deltakar + 1300,- lagsavgift) Etter avtale med hovedstyret, så vart eigenandelen satt til 300,-.



*Jublende sølvjenter etter at Hafslo J13/14 tok 2.plass i A-sluttspillet under Lerum Cup 2017*

#### **Ål-Cup 11.-13.august 2017**

Hafslo IL deltok med følgjande lag: to 7ar Hafslo J11, Hafslo G10, Hafslo G12, Hafslo G13/14. Det har etterkvart vorte ein tradisjon at Hafslo IL deltek med mange lag på Ål Cup siste helga av sommarferien. Dette er ei flott turnering, og det er relativt kort reiseavstand frå Hafslo.

#### **Andre turneringar og arrangement:**

##### Sparebanken Vest Cup 2017 20.-22.januar 2017:

Hafslo J10/11/12 deltok på denne turneringa med ein blanda lag.

##### KM Futsal innandørs:

Aldersbestemte lag deltok på KM innandørs i februar og mars. Medan damelaget deltok i KM senior i desember.

##### Vildbjerg cup 3-6.august 2017:

Her deltok G 15/16/17 og G13/14.



## Årsmelding 2017, Hafslo Idrettslag



*Hafslo G13/14 og Hafslo G15/16/17 før avreise til Vildbjerg Cup 2017*

### Hessa Cup 25-27. august 2017:

J13/14 år deltok på denne.





### Tine Fotballskule Hafslo 16-18.august 2017:

For 10.året på rad arrangerte Hafslo IL fotballskule på Hafslo siste veka før skuleferien. I år deltok ca 80 born i alderen 6-12 år på fotballskulen. Trenarar, flinke ungdomsspelarar og foreldre stilte opp som instruktørar. Det vart som vanleg tre flotte dagar med fotballaktivitet i Moane, og også i år vart fotballskulen avslutta med grilling siste dag. Takk til Erna som ordna grillmat.



*Åpningsdag av Tine Fotballskule Hafslo 2017 – for 10.gong!*

### Miniputt-turnering:

Søndag 27.august vart det arrangert Kongleriket miniputt-turnering i Moane. Det deltok ca. 42 lag frå Hafslo, Vik, Balestrand og Kaupanger. Omlag 260 spelarar i alderen 6-10 år var i aksjon. Ungdomsspelarar stilte som dommarar, og gjorde ein flott innsats. Miniputt-turneringa på Hafslo er vorte ein god arena for dommarrekruttering!

Dette er vorte eit stort arrangement som krev stor dugnadsinnsats frå alle miniputt-foreldra før, etter og under turneringa! Takk til alle som bidrog, og ikkje minst parkeringsvaktene som gjorde ein heilt avgjerande jobb med å få avvikla trafikken! Takk også til Erna og resten av foreldrelaget som på vanleg måte sørga for eit variert og knirkefritt kiosksal under årets miniputt-turnering.

### Fotballavslutning Hafslo IL 19.oktober 2017:

Erna og Foreldrelaget stilte opp og sørga for servering av mat og drikke under fotballavslutninga i Moane.

### Eat Move Sleep Cup, Sogndal 21.-22.oktober 2017:

Fleire lag frå Hafslo IL deltok på Eat, Move, Sleep Cup i Sogndal. For dei fleste miniputt-laga og aldersbestemte laga, markerte denne turneringa slutten av ein flott og innhaldsrik fotballsesong.

### Førde Cup innandørs 10.-12.november 2017:

Hafslo G13/14 deltok på Førde Cup innandørs også i år.





### Keeperskulen på Kaupanger:

Hafslo IL har hatt fleire deltakarar på årets keeperskular. Dette er eit flott tiltak for keeperane våre. Det er òg fleire av keeperane våre som deltek på onsdagstreningane for keeperar i Sognahallen om vinteren.

### Sonelag og kretslag:

Hafslo IL har hatt fleire spelarar med på sonelag og kretslag. Spelarar som har vore inne på tiltak er Helene Selland, Aurora Servold Wåseth og Isak Hauge Sørensen. Hafslo har jamleg spelarar med på desse tiltaka.

### Laurdagstrening:

Etter initiativ frå Kurt Heggstad vart det starta opp laurdagstreningar på kunstgrasbana. Dette er eit tilbod for dei som ønskjer ekstra trening. Der ein bevisst legg lista litt høgare når det gjeld innsats og haldningar gjennom treningane. Dette vart eit populært tiltak, og det har vore i snitt 15-20 påmeldte til kvar laurdag. Tilbodet har vore for 10 år og oppover. Kurt har hatt ansvaret for alle treningane og opplegget rundt. Medhjelparar: Torgeir Kjos Wenjum, Bjørn Arild Grindhaug, Vivian Kvam og Kai Inge Cirotzki.

Eine laurdagen hadde me besøk av Vegard Skjeldestad, keepertrener i Sogndal Fotball.

### **DOMMARAR:**

Etter fleire år med utfordringar på dommarsida, har vi også i år halde fram med tiltak for dommarrekruttering. No har vi fleire dommarar som dømmer i regi av kretsen, dette gjeld mellom anna Vilde Sletten Moen og Elise Selland, som har tatt store steg som dommarar også denne sesongen. Dei er flotte ambassadørar for Hafslo IL på dommarfronten!

Elise Selland fekk også vere med som dommar under Norway Cup 2017.

Under miljøhelga i Førde i november fekk vi 2500 kroner for godt utført dommararbeid i klubben.

### **OPPSUMMERING:**

Fotballsesongen 2017 viser at me har store utfordringar på anleggssida. Mangel på lys på grasbana gir oss ein del utfordringar når det kjem til avvikling av kampar om hausten; dette bør settast fokus på i neste sesong. Ein bør og prioritere å få på plass ei kunstgrasbane 11'ar i Moane (grusbana).

Det er stor og god aktivitet i fotballmiljøet på Hafslo. Takk til alle foreldre, trenarar og andre ressurspersonar som bidreg til at dette let seg gjennomføre. Me er heilt avhengig av dykk for å kunne gje det tilbodet me har.

### **Fotballgruppa 09.01.2018**



## Årsmelding for Foreldrelaget for aldersfastlagd fotball 2017

**Gruppestyre:** Hanne Kvam, Karianne Sanden, Jim Sletten, Erna Hamrum (leiar)

### Formål

Foreldrelaget har 2 formål:

- Medverka til eit godt sosialt miljø for spelarane på aldersfastlagde lag
- Syta for økonomisk bidrag for juniorfotballen

### Sosialt miljø

Teamet rundt kvart lag er det viktigaste for å skapa trygge, akseptierende og inkluderande rammer. Alle lag har ei ordning med kaffi- og kakesal på heimekampane sine. I tillegg til at dette gjev laga inntekter til sosiale treff eller turar, skapar det ei god ramme rundt kampane, både for besøkande og fotballfamiliane

- \* På heimeturneringar får laga våre mat og/eller drikke i kiosken
- \* I august arrangerte HIL miniputtturnering. Foreldrelaget samordna kiosksalet
- \* 16. oktober arrangerte fotballgruppa sesongavslutning for heile fotballfamilien.

### Økonomi

\* Foreldrelaget har ansvar for alt vask av klubbhuset gjennom sesongen + hovudvask etter sesong.

\* Foreldrelaget er ansvarleg for kiosksalet ved alle turneringar i Moane. Lerum Cup er ei viktig inntektskjelde for idrettslaget. Det er inntekta ved denne turneringa som gjer at utøvarar i idrettslaget har rimeleg medlemsavgift og mykje lågare trenings- og deltakaravgifter enn lag ein kan samanlikna seg med. Det krev mykje dugnadsarbeid både før, under og etter turneringa. Det blir og leigd inn hjelp til noko av varehåndteringa før og under turneringa. All anna innsats er som dugnad.

Omsetjinga på Lerum cup 2017 var betre enn 2016.

Nytt av året var innføring av Vipps. 2/3 av omsetjinga i kiosken går no via Vipps og betalingsterminal (brukt som minibank)

For å få alt til å fungera optimalt på cupen er ein avhengig av fleire nøkkelpersonar som kan jobba sjølvstendig på dei ulike stasjonane. Idrettslaget er heldige å ha mange slike flinke nøkkelpersonar som set av fleire vakter for å få i hamn denne store dugnadsjobben. Totalt var behovet for tilrigging, kiosksal og produksjon, bosplukking og reinhald, dømning og parkering ca 350 vakter, eller 2 150 timar i løpet av ei veke ! Me vonar at enno fleire kan bidra i 2018, så fordelinga av vakter blir meir fordelt.

Lerum cupnemnda vart forsterka i 2017, då Ann Elisbeth Skjerven og Britt Brugrand gjekk inn i ei kiosknemnd, slik at denne nemnda no består av 3 personar.

**Tusen takk til alle som var med og hjalp til ved ulike arrangement i 2017 !**

**Takk for laget til Hanne og Karianne !**

Hafslo 31.12.2017

Erna Hamrum







## Årsmelding frå stadionstyret 2017

Birger Moene - leiar  
Jonny Moen  
Knut Helge Røneid

**Grusbana** vart rydda for snø i midten av mars, og som vanleg var det Br. Lomheim som utførte arbeidet med hjullastar. Bana var klar for bruk i byrjinga av april. Ettersom kunstgrasbana i sentrum også vart klar samstundes, vart grusbana knapt brukt til treningar og heller ikkje til kampar denne sesongen. Idrettslaget må derfor vurdere ut frå vertilhøva, om det er verdt å bruke tid og ressursar på å brøyte grusbana neste sesong.

21.februar 2017 vart det faktisk gjennomført utetrening på **kunstgrasbana**. Så kom det meir snø, men bana vart teken i bruk i slutten av mars. Bana fungerer godt og blir mykje brukt, både i skuletida, til treningar og kampar, og elles i ledige stunder. Jonny har hatt ansvar for vedlikehald og slodding. Luster kommune lånar ut plenklippartraktor til sloddinga, som har vore utført annakvar veke i høve garantiavtale med Saltex. Det har vorte etterfylt om lag 0,5 tonn gummigranulat på bana også i år.

Fotballgruppa tok initiativ til å få sett opp ei ballbod ved kunstgrasbana sist sommar. Takk til alle som bidrog med sponning av materialar og dugnad for å få sett opp ballboda som no er flott plassert i eine hjørnet av kunstgrasbana.

**Grasbana** vart fri for snø i medio april, og vart teken i bruk til kampar og treningar frå 10. mai. Ettersom bana må takast tidlegare i bruk enn ønskjeleg for å få avvikla seriekampar, ber den preg av det etter vårsesongen. Årets vårsesong gjekk likevel ganske bra, då grasbana primært vart nytta til kampar, medan treningane vart gjennomført på kunstgrasbana og treningsfeltet til Sogndal etter avtale. Dessutan var det mange lag som avtalte med bortelaget å «byte» heime/bortekampane i vårsesongen.

Flott og tørt ver under Lerum Cup, sørga også for at grasbana klarte seg godt under turneringa i motsetning til året før. I sommarferien var det mindre belastning på grasbana, slik at det var ei god grasbane som venta laga til treningar og kampar i haustsesongen.

På grunn av slitasje på eksisterande grasklyppar, vart det i sommar kjøpt inn ein ny bioklippar frå Hillestad Traktorservice. Den har fungert godt. Inntil vidare kan begge klypparane brukast, men dersom den gamle skulle «ryke», så har vi nødvendig og fungerande utstyr på plass for å få klypt grasbana. I tillegg til stadionstyret, har Vilde Sletten Moen hjulpe til med å klyppe bana mot betaling denne sesongen.

**Løpebana rundt grasbana** (friidrettsanlegget) er vorte stadig meir gjengrodd. 6.klasse ved Hafslo BU-skule med elevar og foreldre utførte dugnad med slodding og fjerning av ugras på løpebana, og klargjering av kastegropa og lengdegropa 2.mai. Dei gjorde ein god jobb, og dette heldt ei stund. Men det grodde fort til att. Skal ein klare å halde løpebana, lengdegropa og kastegropa i brukbar stand framover, bør det vurderast ein større dugnad med å fjerne eksisterande sand og fylle på ny.



**Klubbhuset** har dei siste åra vorte bra opprusta innvendig med mellom anna nytt golv i møterommet/kjøkenet og maling av veggjar. Det neste som kan trenge ei oppgradering, er dusjanlegget. Ut i frå tilbakemeldingar gjennom sesongen, bør idrettslaget vurdere om det er behov for utskiftingar og oppgraderingar. Det er avtalt eit møte med røyrleggjar for ein gjennomgang av dette på vårparten 2018.

Under årets **Lerum Cup** fekk vi også store utfordringar då vatnet forsvann i Moane første dag av turneringa. Årsaka var flott og varmt vêr, noko som skapte eit stort forbruk av vatn. Til slutt førte dette til at vasspumpa i klubbhuset braut saman og vi mista vatnet. Røyrleggjarar frå Røyrleggjarservice AS, i tillegg til stadionstyret, Tom Idar Kvam og andre stod på utover dagen, og ut på kvelden kom vatnet attende. Då var det etablert alternative løysingar for toaletta med direkte vassstilførsel frå Hafslo-vatnet, og i tillegg vart det ordna med tankbil med drikkevatt frå Tine som stod klar når turneringa starta laurdags morgon. Resten av helga gjekk problemfritt. Stor takk til Tom Idar Kvam, Ola Skophamar Røyrleggjarservice AS, administrasjonen for Lerum Cup, og alle andre som hjalp til med å løyse den uforutsette situasjonen som oppstod.

Det er avtalt møte med Røyrleggjarservice AS på vårparten, for å leggje planar for å sikre at vi har alternativ på plass om det same skulle skje i framtida. Her kan det verte snakk om oppgradering av eksisterande anlegg, eller ordne alternative løysingar under Lerum Cup.

Stadionstyret vil takke alle som har utført dugnad og arbeid på anlegga våre i Moane og sentrum i løpet av sesongen 2017.

Hafslo 12.januar 2018

Birger Moene  
Jonny Moen  
Knut Helge Røneid

## Årsmelding for Trimgruppa 2017

### **Gruppestyret:**

Katrin Lægreid Nes- leiar og rep. i gruppa for barneidrett  
Ann-Elisbeth Skjerven  
Adrienne Kvam-ansvarleg for trimskjema  
Line Hillestad Espeland-friidrettskontakt  
Irene Flugheim- økonomiansvarleg  
Audhild Moe

Stryret har hatt gruppemøter i klubbhuset i Moane. Me har hovudfokus på uorganisert trimtilbod til medlemmane i idrettslaget- dette gjennom 25 trimbøker som ligg ute heile året. Trimbøkene har vore godt besøkte, med Rødekorshytta som den mest besøkte fjellboka og Gamlevegen mellom Hafslo og Solvorn den mest besøkte 10-poengsboka. Medlemmane i gruppa har fordelt bøkene mellom seg og «passar» på desse gjennom heile året. Gruppa har og fått sponsor midlar til 10 nye trimpostkassar, desse har kome på plass i 2017. No har hovudstyret sponsa oss med 5 nye, noko som er kjempeflott.



Me jobbar med å få Hafslo klistremerke på alle trimpostkassane våre. Me har ein postkasse saman med Bjørn IL på Molden, me har ikkje bok der no, men satsar på at ny er på plass i 2019.

I 2017 deltok 60 medlemmer på TRIMMIAN. Av desse var det 40 barn og ungdommar som deltok på barnetrimmen (til og med grunnskulealder). 33 spreke barn og vaksne var innom alle bøkene våre og fekk hanskar eller panneband som bevis på at dei vart Trimmian 2017. Flott innsats av mange her.

Gjert Andreas Hillestad fekk beste resultat av alle barnetrimmarane og Dorte Maria Hillestad vann kåringa av beste Trimmian med over 2000 poeng, 5 spreke damer hadde det.

Nokre av bøkene frå 2016 er no skifta ut og nokre nye bøker er på plass. Røymstølen er tilbake, heilt nye er Nyre (vidare på vegen til Måsaviki) og «Ysta Neset» (på veg mot Legene i Solvorn).



*Velfortente premiar til årets TRIMMIAN-deltakarar på Haustmarknaden 5.november!*

Saman med barneidretten arrangerte me friidrettskveld i Moane i september. 6 vaksne prøvde seg på idrettsmerket.

Grappa har vore med på turar med barneidretten til nokre av dei ulike bøkene våre, dette er ein aktivitet me håpar å fortsette med.

På avslutningen til skicupen deltok grappa og hjelpte til.

I gymsalen møter det ein gjeng damer på tysdagane som spelar volleyball. Aktiviteten organiserer dei sjølve.

Tysdagskveldane til påske fortsette me med tilbod for barn og unge med spesielle behov. Dei møter i gymsalen med instruktør og har fått god hjelp av frivillege ungdommar som stiller opp som medhjelparar. Stor takk til desse 10-12 ungdommane som deler på oppgåva, dei gjer ein super jobb. I haust har aktiviteten vore på torsdagar rett etter skulen. Denne aktiviteten er noko som vil fortsette etter jul.



6 medlemmer i trimgruppa ser tilbake på eit godt trimår og 5 stiller seg til disposisjon for trimgruppa i 2018 og. Me treng derfor eitt nytt medlem.

Hafslo 31.12.17

For Trimgruppa  
Katrin Læg Reid Nes



*Trimgruppa legg godt til rette for at medlemmer i alle aldrar kjem seg ut på trimiturar i den flotte naturen vi har i nærområdet vårt.*





# **BLI KUNDE DU OG!**

**“Lokalbank”  
-uansett kvar du bur**

- **Nettbank**
- **SMSbank**
- **Mobilbank**

**Tlf. 57 68 27 00  
- du kan snakke  
med oss!**

**”Personleg kontakt og rask  
handsaming er det eg likar best  
med banken”**

[www.luster-sparebank.no](http://www.luster-sparebank.no)

**Luster Sparebank**

